Sunnfjord kommune

**ArkivsakID:** 20/748
**JournalpostID:** 20/21175
**Saksbehandlar:** Vigdis Randine Rørstad Lobenz
**Dato:** 25.05.2020

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 124/20 | Formannskapet | 11.06.2020 |
| 051/20 | Kommunestyret | 18.06.2020 |

# Prioritering av tiltak - 100 mill. potten Førdepakken - tilråding

**Vedlegg i saka:**
25.05.2020 endringar i prioriteringane, opplisting 1362904

**Innstilling frå Formannskapet 11.06.2020:**
Sunnfjord kommunestyret tilrår følgande prioriterte rekkefølge for bruk av midlar til uspesifiserte tiltak i Førdepakken (100 mill. potten):

| Prioritering | Forslag | Namn på forslag |
|---|---|---|
| 1 | B | Nye vegløysingar på Ytre Øyrane |
| 2 | L | Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten |
| 3 | J | Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra |
| 4 | K | Fortau Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen |
| 5 | Q | Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum |
| 6 | P | Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging |
| 7 | I | Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen |
| 8 | D | Parkeringshus/-kjellar |
| 9 | NY | Delfinansiering av høgresvingfelt i krysset frå Naustdalsvegen inn til Storehagen. |
| 10 | M | Gang og sykkelveg Brattebergkvia-Slåttebakkane |
| 11 | E | Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken |
| 12 | C | Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua |

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Sunnfjord kommunestyret tilrår følgande prioriterte rekkefølge for bruk av midlar til uspesifiserte tiltak i Førdepakken (100 mill. potten):

| Prioritering | Forslag | Namn på forslag |
|---|---|---|
| 1 | B | Nye vegløysingar på Ytre Øyrane |
| 2 | L | Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten |
| 3 | J | Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra |
| 4 | K | Fortau Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen |

| | | |
|---|---|---|
| 5 | Q | Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum |
| 6 | P | Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging |
| 7 | I | Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen |
| 8 | D | Parkeringshus/-kjellar |
| 9 | E | Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken |
| 10 | C | Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua |

**Behandling i Formannskapet 11.06.2020:**

Vigdis Lobenz orienterte kort om saka.

**Senterpartiet** v/Ole Johnny Stubhaug fremja følgande endringsframlegg:

1. Flytt tiltak Q til uprioriterte tiltak.
2. Nytt tiltak 9: M Gang og sykkelveg Brattebergkvia-Slåttebakkane
3. Nytt prioritet 8: Delfinansiering av høgresvingfelt i krysset frå Naustdalsvegen inn til Storehagen.

**SV** v/Åsmund Berthelsen fremja følgande endringsframlegg:
"Flytt tiltak D til uprioriterte tiltak."

Håkon Myrvang gjekk frå som inhabil under drøfting og avrøysting om SP sitt framlegg om delfinansiering av høgresvingfelt jf. habilitetsvurdering i sak 123/20 i formannskapet.

**Avrøysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg, prioritet 1-4, vart **samrøystes tilrådd**

Alternativ avrøysting:
SP sitt framlegg om forslag Q fekk 3 røyster (SP) og **fall**
Kommundirektøren sitt framlegg, prioritet 5, fekk 8 røyster og **vart tilrådd**

Kommunedirektøren sitt framalegg, prioritet 6 og 7 vart **samrøystes tilrådd**

Alternativ avrøysting:
SV sitt framlegg fekk 2 røyster (SV og MDG) og **fall**
Kommunedirektøren sitt framlegg, prioritet 8, fekk 9 røyster og **vart tilrådd**

SP sitt framlegg om delfinansiering a høgresving (ny prioritet 9) fekk 5 røyster for (H og SP) og 5 røyster mot (MDG, SV, AP, V) og **vart tilrådd** med møteleiar si dobbelrøyst.
SP sitt framlegg om forslag M (ny prioritet 10) fekk 7 røyster (MDG, SP, H) **og vart tilrådd**
Kommunedirektøren sitt framlegg, prioritet 9 og 10 (ny prioritet 11 og 12), vart **samrøystes tilrådd**

**FORM-124/20 Vedtak:**
Sunnfjord kommunestyret tilrår følgande prioriterte rekkefølge for bruk av midlar til uspesifiserte tiltak i Førdepakken (100 mill. potten):

| Prioritering | Forslag | Namn på forslag |
|---|---|---|
| 1 | B | Nye vegløysingar på Ytre Øyrane |
| 2 | L | Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten |
| 3 | J | Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra |
| 4 | K | Fortau Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen |
| 5 | Q | Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum |
| 6 | P | Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging |
| 7 | I | Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen |

| | | |
|---|---|---|
| 8 | D | Parkeringshus/-kjellar |
| 9 | NY | Delfinansiering av høgresvingfelt i krysset frå Naustdalsvegen inn til Storehagen. |
| 10 | M | Gang og sykkelveg Brattebergkvia-Slåttebakkane |
| 11 | E | Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken |
| 12 | C | Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua |

**Behandling i Kommunestyret 18.06.2020:**

Håkon Myrvang (AP) vart erklært inhabil under drøfting og avrøysting om prioritet 9 "Delfinansiering av høgresvingfelt i krysset frå Naustdalsvegen inn til Storehagen, jf. habilitetsvurdering i sak 050/20.

**Venstre** v/Gunn Merete Paulsen fremja følgande framlegg til vedtak:
"Tiltak K vert flytta til prioritet 6. Tiltak Q vert flytta til prioritet 4, tiltak P vert flytta til prioritet 5."

**SP, H, V** og **KRF** v/Oddmund Klakegg fremja følgande endringsframlegg:
"Punkt 9 vert flytta til punkt 4 - Delfinanisering av høgresving frå Naustdalsvegen inn til Storehagen"

**SV** v/Åsmund Berthelsen fremja følgande endringsframlegg:

1. "Tiltak 8 vert flytta til uprioriterte tiltak
2. Tiltak 9 vert flytta til uprioriterte tiltak

Sunnfjord kommunestyre ber om at tiltaka no vert kostnadsrekna og at kommunestyret etter det får saka attende til ny uttale."

**MDG** v/Marius Dalin fremja følgande endringsframlegg:
"Pri 10 Gang- og sykkelveg Brattebergkvia-Slåttebakkane blir ny pri 8. Øvrige punkt rykker ett hakk ned.

**Avrøysting:**
SV sitt framlegg (pkt. 1) fekk 6 røyster (SV, R, Løken) og **fall**
SV sitt framlegg (pkt. 2) fekk 7 røyster (SV, MDG, R) og **fall**

Formannskapet sitt framlegg (prioritet 1-3) vart **samrøystes vedteke**

Alternativ avrøysting (Håkon Myrvang gjekk frå som inhabil):
SP, H, V, KRF sitt framlegg om høgresvingfelt (ny prioritet 4) fekk 37 røyster og **vart vedteke**
Formannskapet sitt framlegg (prioritet 4) fekk 7 røyster (SV, MDG, R) og **fall**

Alternativ avrøysting:
V sitt framlegg om tiltak Q (ny prioritet 5) fekk 12 røyster (V, KRF, MDG, SV, R, Klakegg) og **fall**
Formannskapet sitt framlegg om tiltak K (ny prioritet 5) fekk 37 røyster og **vart vedteke**

Alternativ avrøysting:
V sitt framlegg om tiltak P (ny prioritet 5) fekk 10 røyster (V, KRF, SV, R, Dalin) og **fall**
Formannskapet sitt framlegg om tiltak K (ny prioritet 5) fekk 35 røyster og **vart vedteke**

Formannskapet sitt framlegg om tiltak Q og P (ny prioritet 6 og 7) vart **samrøystes vedteke**

Formannskapet sitt framlegg om tiltak I (ny prioritet 8) vart **samrøystes vedteke**

Alternativ avrøysting:
MDG sitt framlegg om tiltak M (ny prioritet 9) fekk 11 røyster (SV, KRF, MDG, V, R) og **fall**
Formannskapet sitt framlegg om tiltak D (ny prioritet 9) fekk 34 røyster og **vart vedteke**

Formannskapet sitt framlegg om tiltak prioritet 10 vart **samrøystes vedteke**
Formannskapet sitt framlegg om prioritet 11 og 12 vart **samrøystes vedteke**

SV sitt framlegg (pkt. 3) fekk 5 røyster (SV og R) og **fall**

Formannskapet si innstilling, med vedtekne endringar, vart **samrøystes vedteke**

**KST-051/20 Vedtak:**
Sunnfjord kommunestyret tilrår følgande prioriterte rekkefølge for bruk av midlar til uspesifiserte tiltak i Førdepakken (100 mill. potten):

| Prioritering | Forslag | Namn på forslag |
|---|---|---|
| 1 | B | Nye vegløysingar på Ytre Øyrane |
| 2 | L | Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten |
| 3 | J | Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra |
| 4 | NY | Delfinansiering av høgresvingfelt i krysset frå Naustdalsvegen inn til Storehagen. |
| 5 | K | Fortau Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen |
| 6 | Q | Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum |
| 7 | P | Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging |
| 8 | I | Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen |
| 9 | D | Parkeringshus/-kjellar |
| 10 | M | Gang og sykkelveg Brattebergkvia-Slåttebakkane |
| 11 | E | Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken |
| 12 | C | Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua |

**Bakgrunn for saka:**
I Proposisjon til Stortinget 137 S var det i tillegg til dei 20 prioriterte tiltaka også sett av 100 mill. til uspesifiserte sentrumstiltak.

Desse midlane kan ikkje brukast til å dekke inn «overskridingar» i dei ulike tiltaka. Det er ingen salderingspost, men potten gjer det mogleg med fleire mindre tiltak som kan komplettere Førdepakken (FP). Uspesifiserte sentrumstiltak kan vere tiltak som legg betre til rette for opphald og bruk av byen. Det kan vere etablering av byrom og plassar, torg, fortau og sykkelvegar. Nye benkar og sykkelstativ kan også kome under denne kategorien. Tilskot til etablering av fortausløysingar eller bygging av parkeringshus er også mogleg å bruke desse midlane til. Det er dette som er føringane for kva midlane kan brukast til. Totalbehovet er langt over 100 millionar og det er laga ei prioritering av tiltaka.

Dei ulike forslaga er presentert og vurdert i eit eige notat. Kostnadsestimatet er vist som eitt spenn, det vil sei at det er ein usikkerheit på om lag -/+ 40%. Det er arbeids- og kostnadskrevjande å få opp eit meir nøyaktig kostnadsbilete. Dei øvste tiltaka i den prioritert liste har ein høg grad av sannsyn for å bli realisert, medan dei lågast prioriterte prosjekta vil mest sannsynleg ikkje bli gjennomført. Nokre av tiltaka bør finansierast på annan måte enn med desse midlane.

Sunnfjord kommunestyre skal handsame denne saka og kome med ei tilråding, medan styringsgruppa i Førdepakken gjer endeleg vedtak om korleis prioriteringane skal vere.

**Saksutgreiing:**
Kommunedirektøren fremja sak om prioritering av midlar til uspesifiserte tiltak i Førdepakken (100 mill. potten) til formannskapet 12.mars 2020. Saka frå 12. mars finn de her: Tiltak i Førdepakken, bruk av 100 mill. potten. Formannskapet fatta vedtak om å opne opp for medverknad og innspel frå publikum. Notatet har vore annonsert i Firda og www.sunnfjord.kommune.no og det var sett ein 6 vekers frist for å kome med innspel.

Det kom inn to merknader i denne prosessen; frå Hermund Daling og Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Saka har vore opp i eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet. Alle råda har gjort tilrådingar som vert handsama vidare i saka.

Daling føreslår ein gangveg langs Jølstra frå Storehagen bru over Ytre Øyrane og til småbåthamna (vist med raud strek i kartutsnittet). Denne gangvegen kan koplast saman med fleire av forslaga i 100 mill. potten.

Daling støttar at gang- og sykkelvegen frå Hafstadparken til Hafstad vgs. får høg prioritet. Parkeringshus bør ikkje vere med på denne lista. Elles merker han at det nye tiltaket langs Jølstra ved Handelshuset bør gjerast litt lettare tilgjengeleg med nokre «mellomtrinn» i trappetrinna.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd er bekymra for den dårlege trafikksituasjonen forbi kyrkja med blanding av gåande, syklande og køyrande. Det fører også til at hovudinngangen til kyrkja ikkje kan brukast slik som det er meininga å bruke den til. Dei ønskjer at det vert etablert løysing for gåande og syklande forbi kyrkja og at det vert laga ei markering ved kyrkjeporten. Vegen bør vere einvegskøyrd i nordleg retning. Dei ønskjer også fortau frå Førde ungdomskule slik at p-plassen ved ungdomsskulen kan nyttast ved arrangement.

Eldrerådet sin uttale til planen: Gode forhold for gåande og syklande er bra, men ein svært stor del av innbyggarane i Sunnfjord kommune er heilt avhengige av å kunne bruke personbil for å kome seg til Førde sentrum. Parkeringsplassar er viktig og dei må vere slik plassert at dei er gode å bruke. Dei eldre er store brukarar av tilboda i Førdehuset, og viktig med parkeringsplassar i det området. Viktig med universell utforming overalt.

Merknader frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Det er positivt med gang og sykkelvegar, og at Førdepakken prioriterer dei mjuke trafikantane.

- Fleire parkeringsplassar for funksjonshemma ved Førdehuset.
- Elstervegen/Kyrkjevegen bør vere einvegskøyring.
- Sette ut benker langs veg/fortau.
- Tryggeleik for gåande, syklande og i kryssingspunkt.
- Det er viktig at universell utforming vert ivareteke overalt.

Ungdomsrådet: Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren si prioritering med følgande tillegg: Tiltak "Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten" blir flytta fram som 2. prioritet.

**Vurdering:**
Innspela peiker på ei rekke område det er viktig å ta omsyn til i vidare planlegging. Det vert sett positivt på at det vert lagt betre til rette for mjuke trafikantar. Det er understreka at det bør lagast separate løysingar for gåande og syklande. Det må leggjast til rette for at hovudinngangen (hovudporten) til kyrkja kan kome til meir bruk igjen. Det er også kome innspel om at Kyrkjevegen/Elstervegen bør vere einvegskøyrd for å få på plass gang/sykkel løysing. Forslag K, fortau i Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen, vert prioritert på 4. plass. Elles er det på starta opp ein reguleringsplan for Kyrkjevegen frå Angedalsvegen til Elstervegen og desse merknadene tek vi også med der.

Det er også kome fram eit behov og ønskje om tilstrekkeleg med parkeringsplassar nær Førdehuset slik at både eldre og rørslehemma lett kan nå alle kulturtilboda der. Desse merknadene tek vi med vidare i detaljregulering av bru frå Hafstadparken til Angedalsvegen der desse p-plassen er med. Universell utforming er også spelt inn og det er kome fram ei liste over moment som må sjåast på i detaljplanlegginga av tiltaka i Førdepakken. Det er også kome moment om benkar langs gangvegane. Det er i samsvar med det som ligg i forslag Q som er prioritert på 5. plass.

Det er ønskje om ein sti langs Jølstra, over Ytre Øyrane og til Småbåthamna. I forslag B; nye vegløysingar på Ytre Øyrane, er det inne tilrettelegging for gåande i området. Det er prioritert som nr.1.

Ein sti langs Jølstra vil også vere bra, men det vert kanskje mest til fritidsbruk. Denne løysinga kan vere eit alternativ for å vidareføre ein gang- og sykkelløysing frå Storehagen bru og nordover mot rundkøyringa Øyrane; forslag S. Likevel er dette ei løysing som føreset ny gang og sykkelbru nedstraums Storehagen bru; forslag A. Forslag A og S bør realiserast samstundes. Desse tiltaka er omfattande og krev avklaring for gang- og sykkelløysinga; langs rv.5 eller langs Jølstra.

Forslaga R; sykkelveg og fortau frå Storehagen bru langs rv.5 og til Klettatunnelen (Handelshussida), er omfattande og det krev utgreiing for å finne gode og heilskaplege løysingar. Her bør det også planleggast høgresvingefelt slik at området kan utviklast meir. Trafikkanalyse viser at det er behov for det. Forslag A, S, og R bør sjåast i samanheng og utgreiast meir. Dette er store og kostbare tiltak og bør takast opp i NTP-prosessen. Desse vert difor sett på lista over uprioriterte forslag.

Det vert også peika på at det er bra at gang- og sykkelvegen frå Hafstadparken til Hafstad vgs; tiltak J, har høg prioritet. Ungdomsrådet har ønske om at gang- og sykkelløysing over kulverten frå Øyrane vgs i retning Firda billag vert prioritert høgare, sidan Førde vgs er under etablering der. Gang- sykkelvegen bør vere ein del av etableringa av Førde vgs. og fylkeskommunen bør ta kostnaden, men for å sikre gjennomføring, vert forslag L løfta frå prioritet 8 til prioritet 2. Alle tiltaka frå prioritet 2 vert flytta ned ein plass.

**Tilråding:**
Kommunedirektøren rår til at forslaget frå råd for ungdom vert teke til følgje og at gang- og sykkelvegen frå Førde vgs vert prioritert på 2 plass. Det føre med seg at dei andre forslaga rykker ein plass ned. Forslag A, R og S; gang- og sykkeltiltak ved Storehagen bru og Naustdalsvegen, vert teke ut av prioriteringslista og sett inn på lista over uprioriterte tiltak, då området må sjåast i ein samanheng og tiltaka er svært kostbare. Ny prioriteringsliste vert slik:

| Prioriterte forslag | | |
|---|---|---|
| Prioritering | Forslag | Namn på forslag |
| 1 | B | Nye vegløysingar på Ytre Øyrane |
| 2 | L | Øyrane vgs til Firda billag ( tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten |
| 3 | J | Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra |
| 4 | K | Fortau Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen |
| 5 | Q | Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum |

| | | |
|---|---|---|
| 6 | P | Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging |
| 7 | I | Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen |
| 8 | D | Parkeringshus/-kjellar |
| 9 | E | Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken |
| 10 | C | Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua |
| Uprioriterte forslag | | |
| | A | Rv.5 Gang/sykkelbru vestsida ved Storehagen bru |
| | F | Gang og sykkelbru til Halbrendsøyra og sti langs Jølstra |
| | G | Fv. 601 innløysing bensinstasjon i Storehagen |
| | H | Utanfor rådhus |
| | M | E39 gang- og sykkelveg Halbrend - Slåttebakkane |
| | N | Hundvebakkegjelet - sikring av syklande og gåande fram til Kyrkjevegen |
| | O | Gang- og sykkelveg frå Høgskulen til Angedalsvegen langs sørsida av Anga med bru over. |
| | R | Rv.5 Naustdalsvegen - Storehagen bru til Klettatunnelen, oppgradering til sykkelveg med fortau, austsida |
| | S | Rv. 5 gang- og sykkelløysing frå Storehagen bru til rundkj. Øyrane vgs, vestsida |
| | T | Flytte gangfelt i Liavegen i nærleiken av krysset med E39 mm |

Førde, den 25.05.2020

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Odd Harry Strømsli
Areal og byggesak, einingsleiar